

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 210	18/153

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2018	Formannskapet	PS	24.04.2018
010/2018	Kommunestyret	PS	03.05.2018

### Årsrekneskap 2017 - Masfjorden kommune

#### Vedlegg:

**Journalposttittel**  
REKNESKAPEN 2017  
2018 04 16 Særut

**Dato**  
25.04.2018  
21.04.2018

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Årsrekneskapen 2017 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.**

**Investeringsrekneskapen for 2017 er i balanse.**

**Driftsrekneskapen for 2017 viser eit rekneskapsmessig (overskot) mindreforbruk på kr 1 476 294,23.**

**Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :**

- a) kr 1.251.294,23 vert avsett til disposisjonsfond drift**
- b) kr 225 000 vert sett av til velferdstiltak for tilsette.**

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Framlegging av 2017 rekneskapen til politisk godkjenning og i samsvar med «Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)»

Kommunen sine fristar innan dette området er omtalt i Forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner § 10. Årsrekneskap skal vera avlagt 15. februar og årsmelding innan 31. mars. Kommunestyret må vedta årsrekneskap og årsmelding seinast 6 månader etter utgangen av rekneskapsåret, d.v.s. seinast 30. juni.

#### **§ 10. Regnskapsfrister og behandling av årsregnskap og årsberetning**

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

### **Uttale**

Revisjonsmelding (følger som saksvedlegg) og uttale frå kontrollutvalet (følger som del av rekneskapshefte 2017)

### **Fakta**

Viser til rekneskapshefte 2017, med hovudoversikta – note – analyse og revisjonsmelding.

Rekneskapen vart KOSTRA rapportert innan fristen og siste bokføring ferdigstilt 26.2.2018

### **Vurdering**

Driftsrekneskapen 2017 framstår som veldig bra, og godt over målsetjing om netto driftsresultat på 1,75%. Viser i denne samanheng til side 33 i rekneskapshefte – spesielle forhold i 2017 rekneskapen, kor ein del inntekter er bokført i 2017, medan utgiftene først kjem i 2018&2019, og gjev såleis eit skeivt bilde. Korrigert netto driftsresultat ville ha gitt eit negativt netto driftsresultat i 2017. På den andre sida, har kommunen og teke på seg ekstra utgifter – knytt til Masfjordsambandet, som var tenkte finansiert med bruk av fond. Meirinntekter finans og konsesjonskraft gjorde at ein ikkje trengde å bruke brufondet. For drifta for dei ulike rammeområda viser ein til kommentarar til 1B på sidene 26-32 i rekneskapshefte, kor det i 2017 er store +/- forhold, som obs forhold.

Investeringsrekneskapen 2017 ber preg av at det store investeringsprosjektet som var planlagt utført i 2017 (som i 2016) nok ein gong er utsett – grunna svært lang behandlingstid hjå Husbanken vedk. nye omsorgsbustadar Hosteland.

### **Konklusjon**

**Årsrekneskapen 2017 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.**

**Formannskapet - 042/2018**

**FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

**Årsrekneskapen 2017 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.**

**Investeringsrekneskapen for 2017 er i balanse.**

**Driftsrekneskapen for 2017 viser eit rekneskapsmessig (overskot) mindreforbruk på kr 1 476 294,23.**

**Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :**

**a) kr 1.251.294,23 vert avsett til disposisjonsfond drift**

**b) kr 225 000 vert sett av til velferdstiltak for tilsette.**

**Kommunestyret - 010/2018**

**KS - behandling:**

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sette fram følgjande framlegg til endring i siste punkt i framlegg til vedtak:

Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik:

a) kr 251.294,23 vert avsett til disposisjonsfond drift

b) kr 600.000,- til trafikksikringsplanen

c) kr 400.000,- vedlikehald kommunale vegar

d) kr 225.000,- vert sett av til velferdstiltak for tilsette

FrP trekk forslaget sitt.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**Årsrekneskapen 2017 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.**

**Investeringsrekneskapen for 2017 er i balanse.**

**Driftsrekneskapen for 2017 viser eit rekneskapsmessig (overskot) mindreforbruk på kr 1 476 294,23.**

**Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :**

**a) kr 1.251.294,23 vert avsett til disposisjonsfond drift**

**b) kr 225 000 vert sett av til velferdstiltak for tilsette.**